



# Ny kommune i indre Sunnfjord

## Styringsgruppa

Dykkar referanse:

**Sakshandsamar:**  
Øystein Høyvik  
Tlf. 57612650

**Vår referanse:**  
16/3693-90-ØH-  
FE - 002

**Dato:**  
11.05.2017

## Ny kommune i indre Sunnfjord - referat frå møte i styringsgruppa 05.05.17

Tidspunkt : 05.05.17 kl 12.00 -13.30  
Stad : Kommunehuset på Sande  
Møteleiar : Olve Grotle

### Til stades frå styringsgruppa:

Oddmund Klakegg, Håkon Myrvang og Olve Grotle.

### Til stades frå prosjektgruppa:

Ole John Østenstad, Atle Fasteland, Ellen Jensen, Øyvind Bang-Olsen, Marit Solheim, Torill Anita Segtnan og Øystein Høyvik.

### Utsendt dagsorden

1. Gjennomgang og godkjenning av referat frå møte 20.03.17
2. Oppsummering seminar 4 i regi av KMD, KS og hovudsamanslutningane
3. Informasjonssaker
  - a. Kommunestyresak knytt til oppretting av fellesnemnd
  - b. Kommunestyresak knytt til namn på ny kommune
  - c. Prosjektgruppa sitt arbeid med prosjektplan mv
4. Avgjerdssak
  - a. Notat knytt til fond
5. Drøftingssak
  - a. Innhald informasjonsmøte for Fellesnemnda 21.06.17
  - b. Innhald felles kommunestyremøte 21.06.17
  - c. Deltaking lokaldemokratikonferanse (invitasjon ligg vedlagt)
  - d. Tilskot til vegar og digitaliseringstiltak (utlysing ligg vedlagt)
6. Gjennomgang av møteplan
7. Eventuelt

### **Gjennomgang og godkjenning av referat frå møte 20.03.17**

- Godkjent

### **Oppsummering av seminar 4 i regi av KMD, KS og hovudsamanslutningane**

- Styringsgruppa vurderer at samlinga hadde mange viktige innlegg som bør takast med i det vidare arbeidet

- Hovudtrekka i Deloitte og Telemarksforskning sin rapport «*Erfaringer og lærdom fra Sandefjord-prosessen: Foreløpige råd på bakgrunn av intervjuer som er gjennomført*» vart gjennomgått.

### **Kommunestyresak knytt til oppretting av fellesnemnd**

- Alle kommunane har gjort vedtak i tråd med felles saksutgreiing
- Prosjektleiari utarbeidar samla oversikt over medlemmane i Fellesnemnda

### **Kommunestyresak knytt til namn på ny kommune**

- Pr 05.05.17 har kommunane gjort slike vedtak:

Jølster kommune:

- *I samsvar med sakstutgreiing datert 29.03.2017 blir Indre Sunnfjord namnet på den nye kommunen bestående av kommunane Jølster, Naustdal, Gaular og Førde.*

Gaular kommune:

- *I samsvar med sakstutgreiing datert 4.april 2017 blir Indre Sunnfjord namnet på den nye kommunen bestående av kommunane Jølster, Naustdal, Gaular og Førde.*

Førde kommune:

- *Spørsmålet om namn på ny kommune i Indre Sunnfjord vert utsett til det har vore gjennomført ei innbyggjarhøyring i Førde på namna tilrådd av språkrådet.*
- *Vi oppmodar Jølster kommune, Gaular kommune og Naustdal kommune om å gjennomføre ei tilsvarande innbyggjarhøyring.*

Naustdal kommune:

- *Naustdal kommune tek ikkje stilling til namn på den nye kommunen no. Kommunestyret ber styringsgruppa vurdere også Firda i tillegg til Førde og Indre Sunnfjord som namn på den nye kommunen, og vurdere å gjennomføre innbyggjarhøyring*

- Ang «Firda» som alternativ til namn på kommune
  - Med bakgrunn i Naustdal kommune sitt vedtak bad styringsgruppa Språkrådet om eit språkfagleg råd knytt til «Firda» som ev. namn på ny kommune
  - Språkrådet meldte i e-post datert 05.05.17 at «vi har ikkje innvendingar mot å bruke *Firda* som namn på den nye storkommunen».
- Vidare prosess
  - Styringsgruppa vil legge til rette for at dei av kommunane som ynskjer det kan gjennomføre innbyggjarundersøking innan månadsskiftet mai/juni 2017 – og då med alternativa Indre Sunnfjord, Firda og Førde
  - Styringsgruppa har ut frå tilbakemeldingar i møtet forstått det slik at Naustdal og Førde ynskjer å gjennomføre undersøking. Gaular og Jølster må gi tilbakemelding innan 12.05.17 dersom dei også vil ha innbyggjarundersøking.

### **Prosjektgruppa sitt arbeid med prosjektplan mv**

- Prosjektleiari informerte om prosjektgruppa sitt arbeid med å utarbeide forslag til prosjektstyringsdokument, prosjektstyringsverky og oppretting av prosjektsekretariat knytt til administrativ styringsgruppe
- Styringsgruppa gav prosjektgruppa fullmakt til å arbeide vidare i tråd med orientering, herunder starte arbeidet med å sjekke ut kompetanse og kapasitet hjå tilsette i dei fire kommunane i høve å inngå i ev. sekretariat
- Det er Fellesnemnda som gjer endeleg vedtak knytt til styringsdokument, verky og prosjektorganisering

### **Notat knytt til fond**

- Notat om forslag til justert avtale vart gjennomgått (ligg vedlagt)
- Med basis i rådmennene sitt notat datert 24.10.16, Jølster kommune sitt notat og justert forslag vart det konkludert med at ordførarane saman må gjere ei endeleg vurdering knytt til dokumenta om fond mv, alternativt sender dei saka vidare til Fellesnemnda

### **Innhald informasjonsmøte for Fellesnemnda 21.06.17**

- Prosjektleder utarbeidar forslag til dagsorden

### **Innhald felles kommunestyremøte 21.06.17**

- Prosjektleder utarbeidar forslag til dagsorden

### **Deltaking lokaldemokratikonferanse 12. og 13. juni 2017**

- Påmeldingsfrist 08.05.17 – kvar enkelt vurderer deltaking

### **Tilskot til vegar og digitaliseringstiltak**

- Prosjektleder utarbeidar forslag

### **Gjennomgang av møteplan**

- Det er behov justeringar av møteplanen, prosjektleder kjem med framlegg

Med helsing

Øystein Høyvik  
leder

Dette brevet er elektronisk godkjent av Førde kommune om det ikkje er signert.

### **Kopi til:**

Fylkesmannen i Sogn og  
Fjordane v/ Træen  
Prosjektgruppa  
SEKOM v/ Arnar Helgheim

### **Vedlegg:**

Notat - vedlegg til intensjonsavtale - justert april 2017